

Handsaming i Kommunestyret :

- Anne-Marte S. Beitveit og Helge Støylen, begge deleigarar i AMBU ba om å få habiliteten vurdert. **19 røysteføre.**
Begge vart erklært habile, og tok sete att. **21 røysteføre.**

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommune tek imot tilbodet frå Einar Haugen m/fleire om ferdigstilling av sandstrand i Larsnesvika i henhold til tidlegare sak (2017/778) og skriv datert 30.06.2017.

Gjestebygger og Ambulansekai-brygge i Larsnesvika vert å endre i samsvar med kartskisse datert 2 mars 2018. Mindre erstatningsbrygge vert å etablere ved dagens lokasjon for Ambu.

Ambulansekaier på Larsnes og Voksa vert å arbeide vidare med saman med Helseforetaket med tanke på utbetring/fornyining. Når det gjeld ambulansekaia på Voksa må det her vurderast ny plassering noko nærmare ferjekaia..

Teknisk sektor får i fullmakt å gjennomføre tiltaket og elles søke tilskot frå Helseforetaket til medfinansiering. Tiltaket vert å finansiere over avsette investeringsmidlar.